

Kyrkjelydsblad
for
Arna

NR. 7

DESEMBER 1998

31.ÅRG.



Gammelt altarskap frå Hamre kyrkje. Foto: Jon Tesdal

Med Jesus-barnet i hendene

Av biskop Ole D. Hagesæther



Det er mange år sidan no. Kunstnaren Arent Christensen vart av eit stort forlag beden om å teikne juleforteljinga til ein barnebibel. Han laga nydelege stemningar. Mange kjøpte boka «Alle» kjende teikningane.

Men etterkvart var det ingen som viste kvar originalen til teikningane var. Kunstnaren var blitt gammal og hugselaus og var kommen på sjukeheim. Alle kjende kopiane. Men originalane var borte.

I gravferda til Arent Christensen fortalde enka meg korleis dei var komne til rette. Ein dag ho var i ferd med å vaske huset oppdaga ho ei skjemmaende list i taket. Energisk hadde ho funne seg ein stige og rive lista bort. Og dermed kom alle juleteikningane til mannen ramlande over henne. Då krigen kom, hadde kunstnaren gøymt dei bak takpanelet. Han var redd at dei skulle gå tapt. Sidan hadde han tydelegvis gløymt kvar dei var blitt av. Brått og utan å vere budd stod fru Christensen med Jesusbarnet i den eine handa og englesongen i den andre. Det vart ei svært sterk oppleving som kom til å bety noko for henne, også reint personleg.

Den samme opplevinga av å oppdage noko nytt veit eg at også andre har hatt i dagane før jul. Dei aller fleste av oss veit at julebodskapen eksisterer. Men den er

stua litt til side, godt gøymt og halvvegs gløymt. Ei barndomsoppleving av noko vakkert, men utan prega deltaljar og levande bodskap.

Så skjer det altså: Ein julesong midt i det travle. Ein kyrkjekonsert midt i adventstida. Eit julespel med eigne barn i hovudrollen: «I dag er det født dykk ein frelsar i Davids by, han er Kristus, Herren!» (Lukas 2,11)

Utan å vere budd på det sit du der med Jesus-barnet i hendene. Og no er bodskapen heilt klar: Det er **NO** det hender. Det er **MEG** det gjeld. Dette er ikkje ein vakker kopi av noko som ein gong var. Det er sjølve originalhendinga som bryt inn i livet mitt! Kva gjer du når slikt hender? Når du veit med deg sjølv at dette må bli ditt? Då skundar du deg til kyrkje for å høyre heile forteljinga som om du hørde den for første gong. Så går du opp til alterringen så snart du ser det er nattverd. Der grip du heilt fysisk rundt Jesus-barnet når han kjem til deg i brød og vin.

Så tar du opp igjen den enkle kveldsbøna di og takkar for at Jesus er født også i ditt liv. Og veit du ikkje andre ord å bruke, kan du syngje med slektene før deg: «*Han er Frelsar min!*»

Saman på julafta i Arna Kyrkjelydshus

Jul 1996 starta noko som er på veg til å verta ein tradisjon i Arna.

Arna sokneråd, saman med andre organisasjonar i Arna, skipa då til julefeiring i Arna Kyrkjelydshus, for alle som ikkje hadde nokon å feira jul saman med. Vi prøver oss i år også. Dette er ein julekveld som ikkje er slik vi er vane med, men vi har hatt det kjekt saman.

Kven vil vi så nå med dette tilbodet? Vi trur det er mange som kan føle seg litt einsame på julekvelden. Det er sikkert ikkje berre dei som er åleine, som kan føle seg litt utanfor ein slik kveld, og som dette kan vera eit alternativ for. Eg tenkjer då på at det kan vera ektepar som ikkje har nokon av sine i nærleiken, det kan også hende, at einslege fedre og mødre som er åleine med små barn kan føle einsemd ein kveld som dette. Med andre ord er alle velkomne til Arna Kyrkjelydshus denne kvelden. Ingen må gå og kjenne på, at dette ikkje er for meg.

Litt om programmet:


Det vert full julemiddag med pinnekjøtt og tilbehør. Litt anna dersom det er nokon som ikkje likar dette, kaffi og kaker høyrer med, og sjølvsgatt litt julegodt. Gang rundt juletreet, sang og musikk høyrer også med. Kanskje nokon av gjestene har noko dei kan bidra med.

Julegaver er det med? Ja, sjølvsgatt har vi ordna oss med det. Sist, men likevel det sentrale på julekvelden er juleevangeliet, det skal prege feiringa vår. Vi har heller ikkje i år sett nokon pris på dette. Det gjer vi utfrå tanken om at ingen skal la vera å koma, grunna økonomi. Det vert likevel høve til å gje ei gåve, som då vil verta avsett til neste år.

Føler du at dette er noko du har lyst å vera med på, kan du melda deg på tlf. 55 24 09 34 Erling Osland, eller Arna kyrkjekontor tlf. 55 24 04 00. Du kan også sende skriftleg påmelding til Erling Osland, Eikhaugen 29, 5260 Indre Arna.

Dersom du treng skyss, sei frå om det så ordnar vi det. Bli med oss. Du er hjarteleg velkomen.

Helsing Erling Osland



Våre Unge

Betania Barnekor sang for Kongen

19. oktober 1998 fylte Vestlandske Indremisjonsforbund 100 år, og i den anledning ble blant annet Betania Barnekor og Jubel spurt om å være med i et stort felles barnekor som skulle synges på jubileumsfesten på Bildøy Bibelskole 18. oktober. Mange celebriteter var invitert, blant annet biskop, ordfører, statsråder og ikke minst – kong Harald himself. Vi sitret av spenning da vi møtte opp ved Betania Bedehus denne ettermiddagen, bunadskledde og med forventning i hjerte og sinn. Den knall gule bussen som skulle kjøre oss utover ble ført av selvste formannen i Haukeland Indremisjon – Lars Helland, og vi kom oss vel ut. Siste finpusen ble gjort i bussen, og da vi hadde lurt oss forbi vaktene med bussen, ble vi oppstilt ute i gangen for å gjøre oss klare til å vinke til kongen. Viktige personer liker å vise sin viktighet ved å la folk vente på seg, og kongen var intet unntak. Humøret skulle holdes på topp hos oss alle, uansett trøtete bein og utålmodighet. En halv time forsinket så vi pressefotografe-

ne stimle sammen rundt den svarte «fine» bilen som kom, og en litt stressa konge kom skridende inn døren sammen med en del andre viktige folk. Flagget ble løftet – og hurraropene fylte gangen mens kongen skyndte seg gjennom. Alle fikk nok ikke helt oversikt over hvem av de 5 mennene som var kongen, men vi ble enig om at det måtte være han som gikk først, med blomsterbuketten.

Så var det øving. Vi skulle synges 2 sanger, og for at vi skulle slippe og sitte inne under hele møtet, øvde vi i et lite klasserom. Så marsjerte vi inn 2 og 2 og stilte opp – de eldste bakerst.

Det var to menn som skulle tale mens vi stod der, og det var litt kjedelig å vente på at de skulle bli ferdig, men vi hadde god utsikt over forsamlingen, og nå klarte vi iallfall å gjenkjenne kongen. Det måtte jo være han som satt helt foran i den fine stolen! Og etter at vi fikk tenkt oss litt om husket vi at vi hadde sett ham før, på TV og sånn . . .

Og så fikk vi endelig synges. «La mine føtter



Medlemmene av barnekolet får et glimt av kongen i det han passerer.

få gå» og «Jeg vil leve i lyset», og det var kjempegøy å synges foran så masse folk! 1200 mennesker samlet i en sal gjorde at det var ganske varmt, spesielt for oss bunadskledde, men vi klarte oppgaven vår med glans – og da kongen drakk kaffe sammen med noen av de viktige folkene etterpå, sa han at han var imponert. Og det var jo kjempegøy!!

Tenk hvor spennende det skal bli når vi en dag skal synges for Jesus, kongen vår! Det blir nok en enda større begivenhet . . . Medieoppmærksomheten rundt 100 årsjubiléet førte til at NRK ville lage en liten programsnutt om hvordan livet på bedehusene er her på Vestlandet. Derfor – onsdagen etter, den 21. oktober hadde vi i barnekolet ekstraøving til ære for en fotograf og en journalist fra NRK. Vi stilte ikke i bunad denne gangen, men i de fine grå barnekor-ørensene våre. Vi sang og sang, samme


sang om igjen 30 ganger og tålmodigheten sank gradvis. Noen av oss ble intervjuet også, og resultatet fikk vi se i Norgesvinduet den 29. oktober. Det var kjempeartig å se seg selv på TV.

Det har vært en travel høst, men vi er glade for alle utfordringene vi får. Å se at vi klarer å mestre slike oppgaver er gøy, og vi ser fram til hver nye opptreden – med mer eller mindre «viktige» tilhørere. Vi liker å synges uansett!

Betania Barnekor (3-9 år) og Jubel (9-13 år) har øving hver mandag kl. 17.30-18.30 i Betania Bedehus på Lone. Nye medlemmer er hjertelig velkommen!

**Hilsen Betania Barnekor og Jubel,
Hilde Mestad**

– «for eit barn er oss født»



**Helsing frå
sokneprest
Kjell Nese**

Det går fort mot jul. Og jul, det dreier seg om barn. Det er Barnet over alle barn som er hovudsaka. Jul er Kristusfest.

Vi ser ikkje fram til han som skal koma. Vi ser attende til han som kom. Det er julefesten sitt kjæraste innhald. «Det vesle barn i Betlehem, han var ein kongestor».

Ved Barnet kjem Gud oss så nær som det er mogeleg. Han vert eit lite

barn. Så kan vi skjønne at han ikkje kjem til å skræma eller herske med makt. Han kjem for å få plass i våre hjarto. Han kjem for å vera overgjeven til oss. Dermed kan vi overgi oss til han.

Så ynskjer vi som tilsette i kyrkjelydane i Arna, alle i Arna, små og store, ei signa julehelg. Den beste jul vert det når Jesus får hjertene eie.

ALPHA våren 1999 i Arna Kyrkjelyd

A: Omfatter ALLE som vil vite mer om kristen tro, eller som vil ha et kristent fellesskap.

L: Læring og latter.

P: P står for mat (Pizza).

H: Hjelpe hverandre med hverandres spørsmål.

A: Alt du vil vite – Ingen spørsmål er for store, små, for vanskelige eller for dumme.

En ALPHA-kveld starter med kveldsmat kl. 19.00.

Deretter synger vi sammen frem til kl. 20.00, da undervisningen begynner. Den er ferdig kl. 21.00, og da går vi i smågrupper og samtaler om kveldens undervisningstema. Temaene omfatter det grunnleggende i kristen tro. Vi som er med i ALPHA-arbeidet tror du vil finne et trygt og tillitsfullt fellesskap, og at du vil finne deg til rette sammen med oss.

Vi starter opp mandag 25. jan. kl. 19.00 i Kyrkjelydshuset og holder på til mandag 19. april. Fullstendig program får du på kirkekontoret eller i kirken.

Har du spørsmål kan du kontakte Bjørg Albrechtsen eller Svein Inge Myhr. Ta utfordringen – meld deg på til kirkekontoret – VELKOMMEN!

*for Arna Sokneråd
Svein Inge Myhr*

Besøkstenesta i Arna kyrkjelyd

Ynskjer du å koma i kontakt med besøkstenesta,

så er Klara Ulveseter å treffa på Kyrjekontoret (Borgstova) fyrste onsdag i kvar månad frå kl. 15.30–18.00. Tlf. 55 24 04 00.



ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.

Kontortid: Tirsdag - fredag kl. 09.00-14.00.

Kyrjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jøbsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Tirsdag, onsdag og fredag kl. 10.00-13.00.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

Julekonsert



**Ytre Arna kyrkje
søndag 20. des. kl. 19.00.**

Arne Sangforening
Arna Skulemusikklag
Ytre Arna kyrkjekor
Ytre Arna Barne- og Ungd.kor
Arne Musikforening
Kap. Trygve Johansen
Kollekt

Fellesmøte i Ytre Arna kyrkje 31. januar 1999

På bibeldagen 31. januar
vert det eit fellesmøte
i Ytre Arna kyrkje kl. 19.00.

Pinsemenigheten, Indremisjonen på
Haugland og i Ytre Arna og kyrkje-
lyden er saman om dette møtet.

Forstandar Osvald Ingebø
skal tale på dette møtet.

Det vert teke opp eit offer
som går til arbeidet i Kina.

*Vi ynskjer alle velkomne til dette
bibelmøtet vårt!*

«Unge Voksne – Unge Hjem»?

Du som tilhører denne gruppen
må allerede i dag sette av
**tirsdag kveld den 26. januar
kl. 19.30.**

Vi skal da møtes i Kyrkjelydshuset.

PER FIMREITE:

NÅDEGAVENE

I februar kommer
personalprest Per Fimreite
til menigheten og skal undervise
om nådegavene.



Velkommen til Julefest



Indre Arna bedehus Julefest for heile familien

Mandag 28. desember kl. 17.00

Andakt v/Astrid L. Fjærestad
Song og optrinn av barna
Juletregong – Bevertning.
Inng.pengar:

Vaksne kr. 25,-, barn kr. 15,-.

Arr.: «Barnerøster», «Jonarklubben» og
Garnes søndagsskule

Julefest for vaksne

Laurdag 2. januar kl. 18.00.

Tale av Kristian Helland.
Musikk av Astrid og Rolf Eckhoff.
Opplesing av Eli Mohn.
Musikklaget.
Juletregang – Bevertning.
Bill. kr. 75,- v/inngangen.

Misjonsfest

Søndag 17. januar kl. 17.00

Misjonærane Signy og Kåre
Mangersnes.
Song av Arna kyrkjeor.
Alle er hjarteleg velkomne!
Arr.: Misjonsfor. for NMS, NLM og
Santalmisjonen



Ytre Arna bedehus Søndagsskulens julefest

mandag 28. des. kl. 18.00.

Julefest

Lørdag 2. januar kl. 18.00.

Tale av Asle Hetlebakke.

Tunes Bedehus

Mandag 28. desember kl. 18.00

Unneland Bedehus

Mandag 28. desember kl. 16.30

Andakt v/eittåringane i Nordhordl.
Indremisjon
Juletregong – Bevertning
Arr.: Tirsdagsklubben

Takvam kapell,

13. des. kl. 15.00.

Førjulsfest for søndagsskulane

Betania, Lone Barnefest

Søndag 27. desember kl. 16.00.

Tale av Kenneth Foss.
Song av Avertimento
Juletregong, bevertning, Snøklokka
Arr.: Betania Ungdomsforening

Ungdomsfest

Mandag 28. kl. 19.30.

Andakt
Song av Barnekoret og Jubel.
Bevertning, leikar.
Arr.: Søndagsskulen og Barnekoret.

Borgafest

Søndag 3. januar kl. 16.00

Tale av Kjell Nese
Juletregong – Bevertning



Frå Bedehusland

Betania, Lone

Desember:

- Søn. 13. HIM. B-kveld. «Endetidsteikn i vår tid». Audun Hjelvik.
Søn. 20. BUF. Vi syng jula inn. Kl. 16.00. Eitt-åringar i Nordhordland.
Søn. 27. Julefest kl. 16.00.
Man. 28. Julefest kl. 19.30.

Januar 1999

- Søn. 03. Borgafest kl. 16.00. Kjell Nese.
Søn. 10. NLM. Misjonsstudent Magne Vatland.
Tor. 14. Nattverdsmøte.
Lør. 16. NLM. Misjonsfest kl. 18.00. Misjonssekr. Bjørn Brudeli.

- Søn. 17. BUF.
Lør. 23. HIM. Årsmøte kl. 16.00. Merk tida!
Søn. 24. Israelsmisjonen.
Tor. 28. Finmarksmisjonen.
Lør. 30. BUF-kveld.
Søn. 31. HIM. Familiemøte kl. 18.00.

Arna Bedehus

Januar 1999

- Søn. 17. Misjonsfest.
Tor. 21. Eldretreff.
Søn. 24. Møte.

26.-31. januar
Møteveke v/Gunnar Kjøde.

Juleadressar til misjonærene våre

Magnar Olsen

Po Lam Road, Ma Yau Tong Village
Hause 13, Sai Kung, Kowloon
HKSAR
CHINA

Gunnlaug Bøyum


Sakuradai Hammashi 187,
Yokkoaiichi – shi
JAPAN

Bergfrid Almelid

P.B. 196
Touba
Cote# d' Ivoire West-Africa

Trond og Reidun Skutlaberg

Scripture Mission
P.O. Box 24569
Nairobi
KENYA



Julegudstenestene

Julaften er den store kyrkjedagen. Då er det ein fest å vera saman i kyrkjene. I Arna kyrkje er det fire gudstenester etter kvarandre. Det pleier å vera best plass på den første kl. 12.30, og den siste kl. 16.15. Elles er det to gudstenester i Ytre Arna og gudsteneste både på Trengereid og Takvam. Juledagar er det ikkje mindre godt å vera i kyrkjene og gje seg litt meir tid. Juledag er hovudgudstenesta i jula. Elles vil eg særleg minne om midnattsgudstenesta nyårsaftan kl. 23.15. 3. jan. er det Kristi openberringsdag. Det er den store misjonssøndagen. Gudstenesta denne søndagen vert prega av det.

Vi vonar mange finn vegen til kyrkjene i julehelga. Vi helsar med: «Ser deg på søndag, og ikkje mindre: Ser deg på julegudstenestene».

K.N.



Nytt høgtaleranlegg i Ytre Arna kyrkje

Av Trygve Johansen

Frå ungdomstida mi har eg mange gode minner frå Tveit på Askøy, som eg hørde til den gong. Eit minne som ikkje er positivt, har brent seg fast i hugen min. Eg hadde ein far som på sine gamle dager hørde tungt. Om sundagane då vi satt og åt middag, hugsar eg han ofte sa at han ikkje hadde høyrd så mykje av det presten sa. Han sette seg som oftast langt framme i kyrkja, men likevel hørde han lite. Han gjekk i kyrkja sundag etter sundag, men han hørde lite fordi høgtaleranlegget ikkje var godt nok. Då eg sjølv vart prest, vart eg svært oppteken med at folk måtte høyra godt når dei er i kyrkja. Eg har difor nytta høgtaleranlegg og sett kor viktig det er med eit godt høgtaleranlegg. Høgtaleranlegget i Ytre Arna kyrkje er ikkje godt nok lenger. Det begynner å verte

gamalt, og difor har soknerådet vedteke å skifte ut anlegget. Vi har kjøpt 5 nye høgtalare i kyrkja og ein ny mikrofon til lesepulsten. Dette har kosta over 20.000 kr. Dessutan må vi ha to nye mikrofonar og nytt forsterkaranlegg. Det vil kosta ca. 25.000 kr. Vi mangler omlag 15.000 kr. til å finansiera resten av høgtaleranlegget, og håper at vi snart skal få inn desse pengane. Dei som bur i Ytre Arna og på Haugland vil i dette nummer av Kyrkjelydsbladet finne ein innsamlingsblankett. Vi håpar de vil nytta denne blanketten og senda ei fin julegåve til Ytre Arna kyrkje denne gongen. Målet vårt er at vi har eit nytt høgtaleranlegg i kyrkja til 100-årsjubileet som vi skal ha den 10.10.99. På førehand seier vi hjarteleg takk for gåva.

Velkomen til ny Kantor

Orgelet i Indre Arna Kyrkje har nok vært et diskusjonsemne i flere år. For en vanlig kirkegjenger, som er sånn passe uprofesjonell på musikens område, har det vel ikke vært så hørbart at tonene ikke alltid har vært sånn helt på topp. Tonene har ledet oss gjennom salmesangen, fra pre- til post-ludiet. Men som konsertorgel har det visstnok ikke vært 100% brukbart. Så får vi en ny organist, og tonene flyter mot oss – i en ny vellyd, så legfolk «sperrer ørene opp», for å bruke en ny vri på et gammelt ordtøyke. Så har altså vellyden noe med han som sitter på krakken og styrer pedalene og det hele – ? – Ja, sa en dame til meg på søndag – du skjønner det at orgelet i Arna-kyrkja har sjel! Det synes jeg var fint sagt, og ja, kanskje har den nye organisten funnet, og følt seg på linje med denne «sjela». Ja – la oss håpe det. Dette skriver også Magne Mestad om i sin biografiske omtale av Kantoren. Og la

oss også håpe at organistens uttalelse til Bygdanytt om at «orgelet er da ikke SÅ dårlig» – ikke vil forhindre at det virkelig kommer et nytt orgel om ikke så altfor lenge. For et nytt orgel fortjener kirken, og det fortjener den nye organisten! La meg tillate meg en smule personlig kritikk: jeg synes han spiller noe for fort av og til. Men dette kan jo være forskjellen i oppfatning fra en som har en del år på baken – og en ung, ivrig kunstner. Kantor Christopher David Briggs er behørig og offisielt ønsket velkommen. La meg få lov å slutte meg til dette ønsket. Må du finne deg vel til rette i din alvorlige, glade gjerning i Arna kyrkje – og i Arna ellers. Vær forvisset om at om du slår rot her i vest, vil du kunne suge god næring i vår fagre Arna-bygd!

Johannes A. Eriksen, Espeland

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døyppte:

Arna sokn:

- 18.10.: Malin Tangerud Låstad.
18.10.: Nora Mjelde Herland,
døyppt i Eidfjord.
18.10.: Arne Olai Molland,
døyppt i Solheim kyrkje.
24.10.: Thale Haneferd.
08.11.: Torjus Tuft.
08.11.: Gabriel Skulstad Shuler og Jonas
André Skulstad, døyppt i
Trengered kapell.
15.11.: Hege Opkvitne Rongevær, Asbjørn
Fiksdal Kallestad, Adrian Hansen.
15.11.: Maylinn Leknes Panahi,
døyppt i Birkeland kirke.
22.11.: Camilla Børhaug.
22.11.: Malin Dahlberg Amundsen
Tunestveit, døyppt i Takvam kapell.

Ytre Arna sokn:

- 27.09.: Christine Bratli
04.10.: Marte Ekros Osland
15.11.: Karl Georg Haukefær



Vigde:

Arna sokn:

- 24.10.: Jan Tore Tveranger og
Cathrine Haukeland.
24.10.: Helge Kallestad og Lisbeth
Thunold Borge.
07.11.: Terje Borge og Reidun Fosslund.
14.11.: Morten André Kraft og Siren Fosse.



Døde:

Arna sokn:

- 01.10.: Møyfrid Hausberg f. 1908.
05.10.: Sigrid Midtsæter f. 1910.
11.10.: Hjørdis Andersen f. 1932.

- 17.10.: Ingrid Johanne Espedal f. 1915.
01.11.: Oskar Johan Nesse f. 1910.
03.11.: Solveig Lohne f. 1924.

Ytre Arna sokn:

- 19.10.: Ingeborg Stokke
26.10.: Hilda Vikne
02.11.: Olav Myren

Ofringar:

Arna sokn:

- 18.10.: Kyrkjelydsbarnehagen kr. 5212,-
25.10.: Vestlandske Indremisjon kr. 4552,-
01.11.: Barne- og ungdomsprosjekt kr. 7233,-
08.11.: Santalmisjonen kr. 2755,-
15.11.: Kl. 10: Dåpsopplæringsprogr. kr. 2391,-
15.11.: Kl. 12: Dåpsopplæringsprogr. kr. 2848,-
22.11.: Keryx kr. 2420,-

Ofring evangelisk aksjon kr. 30.202,-

Ytre Arna sokn:

- 25.10.: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1303,-
01.11.: Sjømannsmisjonen kr. 2590,-
15.11.: Menighetsfakultetet kr. 1708,-

Eldrefest på Kulturhuset Sentrum

søndag 10.01.99
kl. 16.00.

Talar:
Godfred Haugland.



Kyrkjestyss

HAUKELAND/UNNELAND

13. desember:
Berit Haugsvær tlf. 55 24 08 15
20. desember:
Odmund Skjoldal tlf. 55 24 28 76
25. desember (1. juledag):
Sverre Myklebust tlf. 55 24 29 05
26. desember (2. juledag):
Ingrid Hope tlf. 55 24 08 08
27. desember:
Jens Hauge tlf. 55 24 01 43
1. januar (Nyttårsdag):
Nils Minde tlf. 55 24 01 54
3. januar Berit Haugsvær
10. januar Odmund Skjoldal
17. januar Sverre Myklebust
24. januar Ingrid Hope
31. januar Jens Hauge

ARNATVEIT OG INDRE ARNA

13. desember:
Arne Håøy tlf. 55 24 03 26
20. desember:
Kjartan Hollekve tlf. 55 24 23 45
25. desember (1. juledag):
Per Eide tlf. 55 24 15 15
26. desember (2. juledag):
Gunnar Kaaresen tlf. 55 24 02 41
27. desember:
Odd Kjos tlf. 55 24 17 82
1. januar (Nyttårsdag):
Jostein Monstad tlf. 55 24 32 20
3. januar Arne Håøy
10. januar Kjartan Hollekve
17. januar Per Eide
24. januar Gunnar Kaaresen
31. januar Odd Kjos

Neste nr. av Kyrkjelydsbladet
Neste nr. av Kyrkjelydsbladet kjem etter
planen ut 27. januar.
Stoff til bladet kan leverast til
kyrkjekontoret innan tysdag 12. januar.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaktør: Magne Mestad.

Redaksjonsnemnd: Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

Dei tilsette i kyrkjelydane

Sokneprest Kjell Nese
Prestegarden, 5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 02 72

Kap. Trygve Johansen
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 75 53

Organist Arna
Christopher David Briggs
Vallerhaugen 7
5260 Indre Arna
Tlf. 55 24 40 55

Kontorfullmektig Arna
Ella Kaaresen
Hølbekken 125, 5265 Arnatveit
Tlf. 55 24 02 41

Kateket Erik Rodal
Stuajordet 31, 5265 Arnatveit
Tlf. 55 24 00 41

Kyrkjetenar Arna
Jarle A. Sandvik
Tlf. 55 24 04 00

Organist Ytre Arna
Siri Brunvoll
Vågsbotn, 5090 Nyborg
Tlf. 55 18 45 29

Kontorfullmektig Ytre Arna
Benthe Vevle Birkeland
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 73 92

Kyrkjetenar Ytre Arna
Sølvi Sæle
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna
Tlf. 55 24 88 93

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS 55 90 19 80 **hele døgnet**

BYRÅ Kommer også hjem for samtale.
JONSVOLLSGATEN 1 J. Teigland – M. Hamre – E. Kvamme

as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen
blomsterdekoratørfaget*

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

FØRERKORT KL. B



– Fornøyde kunder
– Trygge sjåførere

Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00

ERIK
STEPHANSEN
TRAFIKKSKOLE



KIRKENS SOS

Treng du nokon
å snakka med?

Ring 55 32 32 00
frå klokka 19 til 07
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14
måndag til fredag

Frøydig
SALONGEN

Vestlivegen 75, 5234 Garnes
Tlf.: 55 39 01 40

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir
trygghet
10 % for pensjonister alle dager.



Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,
konsert- og samlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Din lokale storbank i Arna!

KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,
konfirmasjon og barnedåp.

Kleveland A.S.
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennor,
også TV 2.

Litangen
Husholdningsservice,
Garnes

Telefon 55 24 02 87

Velkommen til kyrkje



- 13. des.:** 3. s. i advent – Matt. 11, 2-10
Arna kl. 11 Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
Arna kl. 19.30. JULEKONSERT. Haukeland Songlag.
Ytre Arna kl. 11 Vikarprest Idar Simonsen. Natlv. Takkoffer til Dronning Mauds Minne.
Takvam kl. 15 FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Dåp. Førjulsfest etter gudstenesta.
- 20. des.:** 4. s. i advent – Joh. 1, 19-27
Arna kl. 11 Kjell Nese. Natlverd. Takkoffer til Kyrkjelydsbladet.
Arna kl. 20 KYRKJEKONSERT
Ytre Arna kl. 19 KYRKJEKONSERT. Trygve Johansen. Kyrkjekoret. Arne Musikkforening. Arne Sangforening. Kollekt.
- 24. des.:** *Julaften* – Luk. 2, 1-14
Arna kl. 12.30 FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 13.45 FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 15.00 FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 16.15 FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Takkoffer til Diakonitualet.
Ytre Arna kl. 15.00 FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Barnekoret. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Ytre Arna kl. 16.15 FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Ytre Arna barne- og ungdomskor. Barnekoret. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Trengereid kl. 14 FAMILIEGUDSTENESTE. Erik Rodal. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Takvam kl. 15.30 FAMILIEGUDSTENESTE. Erik Rodal. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- 25. des.:** 1. juledag – Joh. 1, 1-5, 9-14
Arna kl. 11 HØGTIDSGUDSTENESTE. Kjell Nese. Natlverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
Ytre Arna kl. 11 HØGTIDSGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Natlverd. Kyrkjekoret deltek. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
- 26. des.:** 2. juledag – Matt. 10, 17-22
Arna kl. 11 Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Institutt for Kristen oppseding. IKO.
Trengereid kl. 11 HØGTIDSGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Natlverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
- 27. des.:** 1. s.e. jul – Luk. 2, 25-38
Arna kl. 11 Trygve Johansen. Natlverd. Takkoffer Norges Kr. Student- og skoleungdomslag.
- 31. des.:** **Arna kl. 23.15.** Midnattsmesse. Kjell Nese.
- 1. jan.:** *Nyttårsdag* – Apgj. 4, 8-12
Arna kl. 11 Trygve Johansen. Natlverd. Takkoffer.
- 3. jan.:** *Kr. åpenbaringsdag* – Matt. 2, 1-12
Arna kl. 11 MISJONSGUDSTENESTE. Kjell Nese. Natlverd. Takkoffer til Lærerinnes Misjonsforbund. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11 Trygve Johansen. Natlverd. Takkoffer til Israelsmisjonen.
- 10. jan.:** 1. s.e. Kr. åpenbaringsdag – Matt. 3, 13-17
Arna kl. 11 Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer.
Trengereid kl. 11 Kjell Nese.
- 17. jan.:** 2. s.e. Kr. åp. – Joh. 2, 1-11
Arna kl. 11 Vigsling av diakonikonulent Leif Arne Økland. Biskop Ole D. Hagesæther og Kjell Nese. Innslag ved Arna kyrkjelyd sin klubb for funksjonshemma. Natlverd. Takkoffer.
Ytre Arna kl. 11 Trygve Johansen. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
- 24. jan.:** *Vingårdssønd.* – 1. Sam. 161, 4-13
Arna kl. 11 Gudsteneste. Dåp. Takkoffer.
Ytre Arna kl. 11 Kjell Nese. Natlverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- 31. jan.:** *Såmannssønd.* – Luk. 8, 4-15
Arna kl. 11 FAMILIEGUDSTENESTE. BARNAS MISJONSDAG. Kjell Nese. «Unge Røster» fra bedehuset. Takkoffer. Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19 Bibelmøte i kyrkja. Gunnar Kjøde.
Ytre Arna kl. 11 FAMILIEGUDSTENESTE. BARNAS MISJONSDAG. Trygve Johansen. Takkoffer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.